

Saksframlegg

Saksbehandlar: Astrid Lernes, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 14/321-16

Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)

Finansutvalet rår hovudutvala til å gje slik tilråding:

Hovudutvala rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Dokumentet "Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2015-18.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)".
3. Driftsbudsjettet for 2015 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke med slike rammer:

	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018
NETTO FELLESINNTEKTER	-2 214,487	-2 143,442	-2 239,243	-2 205,709
Forvaltning	170,401	169,260	176,904	175,874
400 Politisk styring	68,562	67,771	73,926	72,896
410 Kontrollutval	4,375	4,650	4,500	4,500
420 Administrasjon	71,591	71,341	75,055	75,055
421 Forvaltningsutgifter eigedomsforvaltninga	8,225	8,225	7,925	7,925
430 Administrasjonslokale	6,476	6,476	6,476	6,476
460 Tenester utanom ordinært FK ansvarsområde	0,675	0,525	0,525	0,525
480 Diverse fellesutgifter	10,497	10,272	8,497	8,497
Opplæring	824,586	823,456	805,031	778,904
510 Skulelokale og internatbygningar	104,933	104,302	101,964	99,623
515 Fellesutgifter og støttefunksjonar	60,734	60,580	59,823	58,072
520 Pedagogisk leining/fellesutg. og gjesteelevar	103,522	121,683	121,382	98,258
521 -532 Utdanningsprogramma	331,677	313,251	298,172	299,261
554 Fagskule	22,894	22,894	22,894	22,894
559 Landsliner	3,783	3,783	3,783	3,783
561 Oppflg.tenesta og ped./psyk. teneste	19,631	19,551	19,401	19,401
562 Tilpassa opplæring	67,559	67,559	67,559	67,559
570 Fagopplæring i arbeidslivet	95,285	95,285	95,285	95,285
581 Vaksenopplæring etter opplæringslova	4,545	4,545	4,745	4,745
590 Andre føremål	10,023	10,023	10,023	10,023
Tannhelsetenesta	79,630	79,630	82,630	82,630
660 Tannhelsetenesta fellesfunksjonar	18,664	18,664	18,954	18,954
665 Tannhelsetenesta - pasientbehandling	60,966	60,966	63,676	63,676
Plan og næring	100,583	97,963	113,425	107,288
701 Tilrettel./støttef./fin.bistand for næringslivet	81,675	79,753	94,019	87,882
715 Lokal og regional utvikling	12,536	12,038	13,134	13,134

716 Friluftsliv, vassreg.styresmakt mv	6,372	6,172	6,272	6,272
Kultur	68,039	64,507	65,607	65,607
740 Bibliotek	6,244	5,584	6,884	6,884
750 Kulturminnevern	13,107	12,575	12,275	12,275
760 Museum	16,244	15,244	14,244	14,244
771 Kunstformidling	8,967	8,577	10,077	10,077
772 Kunstproduksjon	11,474	10,974	11,474	11,474
775 Idrett	3,100	3,000	3,100	3,100
790 Andre kulturaktivitetar	8,903	8,553	7,553	7,553
Samferdsle	965,065	902,443	989,463	989,223
720 Fylkesvegar - nyanlegg, drift og vedlikehald	457,145	395,423	433,050	431,300
730 Bilruter	271,580	265,880	289,374	289,374
731 Fylkesvegferjer	102,262	110,462	125,675	128,275
732 Båtruter	124,169	120,769	131,693	130,603
733 Tilrettelagd transport	9,909	9,909	9,671	9,671
Ufordelte postar	6,183	6,183	6,183	6,183
NETTO SEKTORRAMMER	2 214,487	2 143,442	2 239,243	2 205,709

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordeling av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å vedta og gjennomføre eventuelle organisatoriske endringar innanfor dei økonomiske rammene for følgjande tenester, med verknad frå hausten 2015:

- a. Arbeidslivskontakt
- b. Oppfølgingstenesta
- c. Systemansvarleg IKT/e-pedagog
- d. Karriererettleiing

Potensialet for redusert ressursbruk i planperioden for tenestene i punkt a-d skal utgreiast for politisk handsaming i samband med økonomiplansaka i juni 2015.

4. Kapitalbudsjettet for 2015 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke med slike rammer:

	2015	2016	2017	2018
Bygg	132,2	175,8	115,9	107,2
Fylkesvegar inkl. skredsikring	167,3	169,4	112,7	45,6
Sum investeringar	299,5	345,2	228,6	152,8

	2015	2016	2017	2018
Driftsmidlar til investering	30,9	18,1	17,8	12,3
Mva. kompensasjon	56,8	54,2	32,1	24,4
PC-ordninga - elevbetaling	2,9	2,9	2,9	2,9
Fondsmidlar	6,7	23,7	28,2	
Låneopptak	132,2	129,3	78,5	105,1
Statsbudsjettet kap 1320 - skredsikring	70,0	117,0	69,1	8,1
Sum finansiering	299,5	345,2	228,6	152,8

5. Økonomiplanen sine rammer for 2016-18 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med budsjett 2016 og økonomiplanen for etterfølgjande år.
6. Programområde 700 med tilhøyrande tenester vert endra til programområde 701.
7. Budsjettreglementet får eit nytt punkt 2.6.2 slik: «Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere tekniske endringar i budsjett og kontoplan som følgje av endringar i KOSTRA-rettleiaren.»

Punkta 2.6.2 -2.6.10 vert forskyvd til 2.6.3 – 2.6.11
8. Vedtakspunkta over skal konsekvensjusterast for eventuelle verknader av fylkestinget sine vedtak i fylkestingseta 9.-10. desember 2014.

Vedlegg:

1. Finansutvalet sitt framlegg til Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)
2. Saksprotokoll frå KU-sak 35/14
3. Brev frå tillitsvalde v/Mo og Øyrane vgs – Bygging av ridehall på Mo og Øyrane vg.skule, Mo
4. Brev frå Nærøyfjorden Verdsarvpark – Innspel til budsjettprosessen 2015

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Arbeidsdokument 1/14 -5/14 til finansutvalet

SAKSFRAMSTILLING

Finansutvalet la 5. november fram sitt framlegg til budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18). Framlegget dannar grunnlag for den vidare politiske slutthandsaminga. Dokumentet følgjer som vedlegg 1.

Tilrådingane i denne saka baserer seg på finansutvalet si handsaming av arbeidsdokument 1/14-5/14. Alle arbeidsdokument er tilgjengelege på fylkeskommunen si heimeside - sfj.no under politiske saker.

Økonomiske rammer og deling av budsjettprosessen

Som følgje av det nye inntektssystemet får Sogn og Fjordane fylkeskommune eit redusert rammetilskot på 278,5 mill. kr. Overgangsordninga gjev oss ein kompensasjon på 4/5 delar i 2015, slik at inntektstapet vert 55,7 mill. kr. Tapet aukar med tilsvarande beløp årleg fram mot 2019. Tapskompensasjonen på 31,5 mill.kr er vidareført for alle år. Nettotapet i 2015 vert på 24,2 mill. kr aukande til 247 mill. kr i 2019. Tabellen under syner verknadane av nytt inntektssystem for Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Mill. kr	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Nytt inntektssystem – endring	-278,5	-278,5	-278,5	-278,5	-278,5
Overgangsordning – kompensasjon	222,8	167,1	111,4	55,7	0,0
Tapskompensasjon	31,5	31,5	31,5	31,5	31,5
Netto inntektsreduksjon som følgje av nytt inntektssystem	-24,2	-79,9	-135,6	-191,3	-247,0

Den store reduksjonen i framtidige inntekter fører til at heile den fylkeskommunale verksemda må vurderast. Dette arbeidet er omfattande og vil ta tid. Budsjett- og økonomiplanarbeidet er som følgje av dette justert slik:

Prosess	Des. 2014	Juni 2015	Des. 2015
---------	-----------	-----------	-----------

Budsjett 2015	Endeleg vedtak		
Budsjett 2016	Retningsgjevande vedtak	Endeleg vedtak Ev. vidare utgreiingar	Endeleg vedtak
Øk.plan 2017-19	Teknisk saldering	Retningsgjevande vedtak	Endeleg vedtak Ev. vidare utgreiingar

Dette betyr i praksis at dei økonomiske tilpassingane/prioriteringane i dette budsjettdokumentet konsentrerer seg om åra 2015 og 2016, men der tilpassingane/prioriteringane har økonomiske konsekvensar utover desse to åra, er økonomiplanen for dei påfølgjande åra oppdatert.

For å markere at budsjettdokumentet som no skal vedtakast ikkje har ein fullstendig økonomiplan for planåra 2017 og 2018, har dokumentet fått følgjande tittel: «Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18).

Det er vidare lagt opp til at fylkestinget skal ta stilling til korleis fylkeskommunen skal få samsvar mellom driftsrammene og nye inntektsrammer for åra 2017-19 i juni 2015. Intensjonen er då å vedta retningsgjevande vedtak for utgiftsreducerande tiltak. På enkelte område vil det vere behov for vidare utgreiingar og på desse områda kan det vere aktuelt at endelege vedtak først vert gjorde i desember 2015, eventuelt i juni 2016. Det er gjort nærare greie for dette arbeidet i kapittel 4 Økonomiplan i budsjettdokumentet, jf. vedlegg 1.

Kontrollutvalet sitt budsjett/økonomiplan

Kontrollutvalet utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett skal følgje budsjettframlegget frå fylkesutvalet til fylkestinget.

Kontrollutvalet handsama i KU-sak 35/14 framlegg til eige budsjett for 2015/økonomiplan 2015-2018. Dei økonomiske konsekvensane av tilrådinga til kontrollutvalet er innarbeidd i finansutvalet sitt framlegg til budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18). Saksprotokollen frå KU-sak 35/14 følgjer som vedlegg 2.

Parallelt med denne saka har fylkestinget til handsaming sak frå kontrollutvalet om utgreiingar av ulike område med tanke på eventuelle innsparingar på lengre sikt.

Endring av kontoplan som følgje av endring i KOSTRA-rettleiaren

I KOSTRA-rettleiaren for 2015 har funksjonane 700 og 705 blitt slått saman til funksjon 701. Som ein følgje av dette vert det nødvendig å endre programområde 700 *Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet* til programområde 701 *Tilrettelegging, støttefunksjonar og finansieringsbistand for næringslivet*. Tilhøyrande tenester vert også endra i samsvar med dette.

Dokumentet Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) er blitt oppdatert i høve denne endringa.

Budsjettreglementet – nytt punkt

Kontoplanen til fylkeskommunen vart i 2013 endra slik at den skulle følgje KOSTRA-funksjonane. I perioden etter omlegginga har fylkesrådmannen erfart at det vert gjort endringar i KOSTRA som har innverknad både på vår kontoplan og på kvar utgifter/inntekter skal først og budsjetterast. For å kunne gjere desse tekniske endringane har det vore naudsynt å legge dette fram for fylkestinget for godkjenning.

Fylkesrådmannen meiner at slike tekniske endringar bør kunne gjerast administrativt, og vil tilrå eit nytt punkt i budsjettreglementet som gjev fylkesrådmannen fullmakt til dette. Fylkesrådmannen tilrår nytt punkt 2.6.2 i budsjettreglementet slik:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere tekniske endringar i budsjett og kontoplan som følge av endringar i KOSTRA-rettleiaren.

Gjeldane punkt 2.6.2 – 2.6.10 vert forkyvd til punkt 2.6.3 – 2.6.11

Oppfølging av fylkestingvedtak

I FT-sak 12/14 «Tilbod om IB som eit samarbeid mellom SFFK og UWC» og i FT-sak 14/14 «Investeringar og drift ved Sogn jord- og hagebruksskule» vart det vist vidare til budsjettprosessen for 2015 for endeleg avgjerd.

Sogn jord- og hagebruksskule vert lagt fram som eiga sak som går parallelt med budsjettsaka. Når det gjeld tilbod om IB-utdanning er dette handsama som ein del av saka om opplæringstilbodet som også vert lagt fram for fylkestinget no i desember.

Hovudutvalet for opplæring vedtok i sak 21/14 «Evaluering av ordninga med spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring» at tilbodet skulle prioriterast vidareført etter skuleåret 2016/2017, og at dette måtte finne si finansiering i samband med økonomiplanarbeidet. Ei vidareføring av «spissa idrettstilbod» vert også handsama som ein del av saka om opplæringstilbodet.

Felles for desse sakene er at eventuelle økonomiske konsekvensar så langt ikkje er innarbeidd i budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18).

Konsekvensjustering av talmaterialet

I arbeidsdokument 5/14 punkt 4.9 vart det orientert om felles organisering for driftsteknisk personell. Det vart vedteke at tekniske budsjettendringar som følgje av dette vert å innarbeide i budsjettoplegget frå og med 2015. Desse tekniske budsjettendringane er enno ikkje klare, men vil bli gjort i samband med andre nødvendige endringar i talmaterialet som følgje av fylkestinget sine vedtak i fylkestingsseta 9.- 10. desember 2014.

Innspel til fylkestinget

I vedlegg 3 og 4 følgjer mottekne innspel den vidare budsjetthandsaminga.